

## **Beretning frå Kontrollutvalet i Haugen Idrettslag for 2022**

I samsvar med Norges Idrettsforbund sine lover gjev kontrollutvalet i Haugen Idrettslag med dette si beretning . Kontrollutvalet består av Nils-Helge Løkling og Solveig Høydal og oppgåva er å kontrollere at styret utfører dei oppgåvene som er tillagt etter laget sine lover.

Kontrollutvalet fungerer og har gjennomført kontrollarbeid. Praktiske tilhøve i dette arbeidet må utviklast vidare ved informasjon og tilrettelegging og utvalet set pris på å få vere med på eit havårleg møte saman med styret og gruppeleiing.

### **Vi har utført følgjande handlingar:**

#### **Dagleg drift**

- Vi ser at styret sitt arbeid samsvarar med årsmøtet sine vedtak for arbeidsåret 2022

#### **Økonomi**

- Vi ser at det er budsjettdisiplin i laget
- Det er positivt at det vert nytta rekneskapsfører ved Accountor
- Balansen er gjennomgått ved bruk av saldoliste hovedbok. Vi viser til framlagt rekneskap
- Vi opplever at det er tillit mellom styret og grupper i det økonomiske ansvaret
- Vi meiner at rekneskap med bilag må følgjast opp ½-årleg og med gjennomgang i styremøte. Kontrollutvalet er gjerne med i dette møte.
- Vi har utført kontroll av rekneskapen mot budsjett for hovedstyret og grupper

#### **Konklusjon**

Det er kontrollutvalet sin konklusjon at styret i Haugen Idrettslag har utført dei oppgåver som er tillagt etter lova og kontrollutvalet anbefalar at styret si beretning og årsrekneskap vert godkjent av årsmøte.

Nordfjordeid

23.3.2023

Nils-Helge Løkling

Solveig Høydal